

Sundagsfangst i Holmen

29.08.2010



Dei gode fangstane i elva held fram og no kan vi mælda at 14-åringane Henrik Dahle og Jone Rørheim tok ein fisk som var 5,2 kilo tung klokka 17 i ettermiddag.

Truleg er det den største sundagsfangsten eller er det andre som slår han?

For Henrik var det årets første fisk, medan Jone allereie hadde fått 3 fiskar på over ein kilo.

Gutane hadde fiska i to dagar utan resultat og skulle gjera ein siste freistnad. Og då slog fisken til på marken til Henrik.

- Det kjentes ut som eg hadde fiska fast i botnen, seier Henrik.

Gutane fekk store problem med å få fisken på land og Jone ringte til far Svein Ottar som kom med ein klepp og løyste problemet!-

Operasjonen tok rundt 10 minuttar og både gutter og pårørande var rimelegvis 'i hundre' etterpå.

Og i morgen blir det heilt klart fiskemiddag.

- Men vi får nok dela opp fisken litt, seier Ellen, som er mor til Henrik.

(Foto: Ola Matti Mathisen)